



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 14/2020

Møtedato: 28.4.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S704, Jaslangen – søknad om skåle

Stølsbrukaren søker om å få føre opp skåle på 9 m² på stølen på Jaslangen. Skålen er tenkt ført opp rett nord for eksisterande kombinert anneks/uthus.

Søkjar kjøpte garden i 2007. Det er lagt ved orientering drift på stølen og om oppføring/vedlikehald av bygningene på stølen. Løe på 9 m² vart ført opp ca. år 1900. Sel på 62 m² vart ført opp i 1959. Anneks/uthus på 24 m² vart ført opp i 1979 og er fullisolert og delvis innreia for beboelse.

Støl og gardsbruk blir leigd bort samla til nabogardbrukar. Stølen blir brukt til beite og er å rekne for å vera i bruk.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan sørbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal legge saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret legge saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Fjellstyret har ikkje motteke uttale frå Statskog.

Utdrag frå Innlandet fylkeskommune, kulturarvenheten si uttale datert den 3.4.20:

Jaslangen ligg innenfor område avsatt til LNF i gjeldende kommuneplan samt innenfor Stølsvidda - utvalgte kulturlandskap i jordbruksområdet. For nye tiltak er det derfor viktig å ta hensyn til stølslanskapsmiljøet. Det forutsettes at tiltaket utføres i samsvar med den tradisjonelle byggeskikken i stølslanskapsmiljøet for øvrig, der tradisjonelle metoder, material- og fargebruk legges til grunn. Det anbefales derfor å benytte tretak på uthuset.

Seksjon for Kulturarv har vurdert mottatt søknad og vil ikke motsette seg omsøkte tiltak under forutsetning av at det ovenfor nevnte hensyntas.

Søknad om oppføring av ein liten skåle er uproblematisk. Det bygget som søkjar kallar anneks, har fjellstyret registrert som uthus. Oppføring av dette huset skjedde før fjellstyret fekk ansvar for behandling av byggesøknader på støl. Det er heller ikkje noko i kommunalt arkiv om oppføring av dette bygget. Det er derfor usikkert til kva formål det er søkt om å få føre opp bygget til. Ut frå drift på stølen i dag ville ikkje dette bli godkjent som anneks. Sidan det er over 40 år sidan bygget vart ført opp, er det ikkje aktuelt å gå nærmare inn på dette spørsmålet. Areal som er teke i bruk til beboelse bør likevel ikkje utvidast i dette bygget og søkjar må sende dokumentasjon om kor stor del av bygget som er til ulike formål.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §10 i stølsforskrift søknaden om oppføring av uisolert skåle på 9 m². Fjellstyret be søker følgje råd frå fylkeskommunen om utforming av huset. Den del av det kombinerte anneks/uthus som ikkje var til beboelse, kan ikkje gjerast om til beboelse, søkjar må sende dokumentasjon om kor stor del av bygget som er til ulike formål.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §10 i stølsforskrift søknaden om oppføring av uisolert skåle på 9 m². Fjellstyret be søker følgje råd frå fylkeskommunen om utforming av huset. Den del av det kombinerte anneks/uthus som ikkje var til beboelse, kan ikkje gjerast om til beboelse, søkjar må sende dokumentasjon om kor stor del av bygget som er til ulike formål.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.5.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Vestre Slidre kommune
Statskog
Innlandet fylkeskommune